



Spar Seimstrand
Lurevegen 88
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar: Arne H. Alver
Vår: 23/2871 - 23/27202

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

11.04.2023

Svar på ønske om nedtrapping av tømming av fettutskiljar - Gbnr 171/56 Seim

Samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning viser til e-post datert 11.04.2023 vedkomande ønske om å få redusert talet på tømningar av fettutskiljar ved Seimstrand Daglegvare AS.

De har i førespurnad om å få redusert tømmeffrekvens opplyst om at det er lite fett i anlegg og at De meiner at ei tømmeffrekvens på 1 gong per år er tilstrekkeleg. Det er lagt ved ei temperaturlogg frå 2022 som viser ei jamn temperatur på 17°C under heile loggeperioden. Temperaturen indikerer at logginga ikkje er korrekt utført. Loggen viser ingen teikn på at anlegget vort tilført varmt vatn. Ei fettutskiljar som vort tilført varmt vatn vil vise ei auke i temperatur. Fråvær av dette viser at logger ikkje er korrekt plassert i anlegg. Det er ikkje utført fleire logger i 2022.

I 2021 er det ikkje utført logging av temperatur i anlegg. Det er utført 3 tømningar som viser lite fett i anlegg. Da ein ikkje har utført logging av temperatur, kan ein ikkje dokumentere at målt mengde fett i anlegg er korrekt. Det ligg ikkje føre dokumentasjon som viser korleis anlegg fungerer og om det stettar krav til utslepp.

Det er i 2020 utført ei temperaturlogg av anlegg. Av loggen ser vi at denne er utført i ei periode der anlegget ikkje har vore i full drift. Måling er utført over 3,5 døgn. Verksemd vart stengt i 1,5 døgn av loggeperioden. I det første måledøgnet ser vi at temperatur i anlegg steg til 24°C. I andre måledøgnet steg temperaturen til 28 °C. Verksemda stengte så ned i 1,5 døgn slik at temperatur i anlegg falt til 20°C. Dersom anlegg hadde vore i full drift i heile loggeperioden, ville ein ha sett at temperaturen hadde steget ytterlegare frå 28°C. Dersom temperaturen hadde steget med same stigning som mellom måledøgn 1 og måledøgn 2, ville temperaturen ha nådd 32 °C. Anlegget vart tømt 3 døgn etter at måling vart avslutta. Av rapporten ser vi at det er unormalt lite fett i anlegg (0,5%). Dette gir ei god indikasjon på at anlegg har hatt for høg temperatur.

Vi gjer merksam på at lite fett i eit anlegg ikkje nødvendigvis betyr at verksemda har lite fett i produksjonen. For å kunne sjå korleis eit anlegg fungerer må ein vurdere temperaturloggene opp imot målt mengde fett som er avsett i anlegg. Ut i frå temperaturloggen og mengde fett vil ein få ei indikasjon på korleis anlegget fungerer og om det stettar krav til utslepp. Målt mengde fett i eit anlegg vil, i seg sjølv, ikkje vise dette.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

00

post@alver.kommune.no

www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Ansvar for anlegg:

Det er eigar av anlegg som har ansvar for at anlegg stettar krav til utslepp, dvs har rett tømme- og loggefrekvens. Dette ansvaret kan ikkje overførast til tømmeoperatør. Eigar skal ha kontroll på sitt anlegg og sikre at anlegg har rett tømme- og loggefrekvens og temperatur slik at krav til utslepp vert stetta. Eigar av anlegg må derfor ha kontroll over kor mykje fett som vert tømt og kva temperatur anlegg har. Dersom tømmerapport og temperaturlogger viser at tømme- og loggefrekvens må aukast skal eigar sørge for at dette vert utført. Tømmeoperatør kan stå for innsending av årsrapport, men kan ikkje overta ansvar for anlegg.

Krav til tømme- og loggefrekvens av anlegg:

I Alver kommune er tømme- og loggefrekvens for fettutskiljar 3-12 gonger per år. Det er også satt krav om minst 2 temperaturlogger per år. Tømme- og loggefrekvens er fastsett i forskrift om på slipp/utslepp av olje- og fetthaldig avløpsvatn for Alver kommune.

Dersom eit anlegg skal tømme og logge temperatur etter minstekrav, plikter eigar å dokumentere at dette er forsvarleg. Kommunen skal for kvart driftsår ha dokumentasjon på at anlegg stettar krav til utslepp. Årsrapporten som sendes inn til kommunen skal vise at anlegg har optimal temperatur og at det vert tømt før anlegg er fullt. Anlegg skal tømast før fett lag når 13 cm (15% av våt volum anlegg vert tømt før fett laget når ei tykkelse på 13 cm (ca. 15%). Eigar må auke tømme- og loggefrekvens dersom anlegg er fullt (13cm) ved tømning. Dersom temperatur er for høg skal både tømme- og loggefrekvens aukast.

Konklusjon:

Manglande logging av temperatur i anlegg gjer at kommunen ikkje kan tillate færre tømningar enn det som er gitt i forskrift. Enkelte av tømmerapportane viser at det, i periodar, er unormalt lite fett i anlegg.

Tilbakemelding til Dykk er at det, ut i frå innsendt dokumentasjon, ikkje ligg føre tilstrekkeleg dokumentasjon som viser at anlegget fungerer slik det skal. Dokumentasjonen viser heller ikkje at anlegg har rett tømme- og loggefrekvens. Inntil det ligg føre dokumentasjon på at det er forsvarleg å redusere tømme- og loggefrekvensen, vil krav gitt i forskrift være gjeldande.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Spår Seimstrand

Lurevegen 88

5912

SEIM

